

Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Sygna vidaregåande skule, Balestrand
Møtedato: 03.05.2018 **Tid:** 10:00 - 16:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

I samarbeid med Balestrand kommune og Ungt entreprenørskap arrangerer Sogn regionråd entreprenørskapsmesse 3. mai. Programmet for messa er lagt ved. Det er sett av tid til å delta på opnings- og avslutningsarrangementet og besøk på stand.

Entreprenørskapsmesse, Belehalli

1000-1100 Opningsarrangement og besøk på stand

Møte i Sogn regionråd, Sygna vidaregåande skule

1100-1130 Servering

1130-1240 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 13.2.2018
Handsaming av saker i Sogn regionråd

1245-1410 Partnerskapsmøte om fleire læreplassar i Sogn
Tom Knudsen, regiondirektør NHO Vestlandet
Nils Petter Støyva, distriktssekretær LO Sogn og Fjordane
Bekka Skaasheim, fylkesdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune

Entreprenørskapsmesse, Belehalli

1415-1445 Avslutningsarrangement og premieutdeling

Framhald møte i Sogn regionråd, Sygna vidaregåande skule

1500-1540 Arbeidsgjevarkontrollen i Sogn – observasjonar og tilrådingar frå Skatt vest.
Torill Hauken-Johnstad, seniorskattejurist, Skatteetaten Skatt vest

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
5/18	18/856-4 Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå 01.04.2020
6/18	18/1072-5 Høyring av rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane
7/18	18/1492-1 Årsmelding og rekneskap 2017
8/18	18/472-3 Orienteringssaker Sogn regionråd 3.5.2018

Sogndal, 20. april 2018

Jan Geir Solheim
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/856

Arkiv: N41

Saksnr.: Utval
5/18 Sogn regionråd

Møtedato
03.05.2018

Sak 5/18

**Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå
01.04.2020**

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Eit godt flytilbod ved Sogndal lufthamn Haukåsen er svært viktig for den regionale utviklinga i Sogn og for alle kommunane i Sogn regionråd. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje offentlege og private verksemder som har behov for eit godt flytilbod, til dømes Statens vegvesen hovudkontor Region Vest, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), NAV Økonomitenester, Statkraft, Vestlandsforskning, Hydro, Norsun, Lerum og Veidekke. Alle desse stiller store krav til regularitet og kapasitet.

Dagens tilbod er ikkje godt nok for å skapa vekst og utvikling i regionen. Låg regularitet og få direkteruter gir ikkje eit fleksibelt og godt nok tilbod for offentlege verksemder, for næringsliv med nasjonale og internasjonale marknader, for turismen som vekstnæring i Sogn og for innbyggjarar. Strukturendringane og dei parallelle fusjonsprosessane i regionen vår aukar behovet for eit betre flytilbod.

Sogn regionråd meiner dette må til for å dekke desse behova:

Nattstasjonerte fly

Kommunane i Sogn har over fleire år prioritert arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn, noko som har gitt betre regularitet. Nattstasjonert fly vil sikra regulariteten ytterlegare, og vil gje mykje betre flytilbod for næringsliv og offentlege verksemder i regionen.

Utan nattstasjonerte fly, må det lande fly på Haukåsen før morgonflyet kan ta av. Det skapar ofte forseinkingar og kanselleringar, særleg om vinteren. Med nattstasjonert fly på Haukåsen vil vi få sikre avgangar på morgonen og reisande kan stole på at morgonflyet går. Dei treng ikkje finna andre reisemåtar eller ta kveldsflyet dagen før. I tillegg vil vi få fleire plassar til rådvelde frå Sogndal, utan halvfulle fly frå Sandane. I dag er morgonflyet frå Sogndal ofte fullt, og mange må reise på andre tider eller på andre måtar. Stabile avgangar på morgonen vil gje auka etterspurnad. Dette vil også kunne gi høgare kabinfaktor på returfly til Sogndal.

Fleire direkteruter

Folk vil ha direkteruter. Mellomlandingar tar unødvendig mykje tid og folk vel andre reisemåtar. Det ser vi tydeleg etter at direkteruta mot Oslo klokka 13.30 vart fjerna. Dette har vore den best nytta flyginga frå Haukåsen. I desember 2017 begynte denne ruta å gå om Florø, og auka flytida frå 50 minuttar til 1 time og 55 minuttar. Dette har nesten halvert trafikken på denne avgangen.

Det same ser vi i helgane. Å fly til Oslo laurdag via Ørsta/Volda tek 1 time og 50 minuttar, og blir ikkje eit reelt alternativ. Det går ingen fly mot Bergen på laurdagar.

Returruter som gir ein «normal» arbeidsdag

Med ein høgskule, fylkeskommune og Fylkesmannsembete i samanslåing vil behovet for betre flysamband mot Bergen auka i åra som kjem. Mot Oslo vil behovet alltid vere der, då mange hovudkontor og fagmiljø er lokalisert i hovudstaden, samtidig som mange reisande må via Gardermoen for reise til inn- og utland.

Returflytilbodet til Sogndal i dag gjer det vanskeleg å korrespondere med andre fly, både innland og utland. Første fly heim frå Oslo eller Bergen etter normal arbeidstid går klokka 20.00. Køyrrer ein frå Bergen klokka 16.00, er ein heime før flyet landar. Dette vert òg nemnd i rapporten frå Møreforsk (s.30) at «... turen tilbake til Sogndal er mer problematisk enn utreisen ...». Utan eit godt returtilbod frå storbyane, blir det mindre attraktivt å reise ut med tidlegare fly.

Flyplasstilbodet er svært viktig for å sikra vekst og utvikling i Sogn. Sogn regionråd meiner følgjande må leggjast til grunn ved utforming av anbodsgrunnlaget:

1. Vilkår om nattstasjonert fly ved Sogndal lufthamn Haukåsen i komande konsesjonsrunde.
2. Fleire direkteruter til og frå Sogndal.
3. Returrutene bør gje reisande betre moglegheit for å ta dagsturar til Oslo og Bergen.

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Samferdselsdepartementet 27.2.2018

Høyringsbrev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.3.2018

Rapport - Forslag til offentleg kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg, Møreforsking

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Samferdselsdepartementet har sett i gang arbeidet med ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg med kontraktsoppstart 1. april 2020. Departementet er opne for at fylkeskommunane sine vurderingar og prioriteringar blir ein del av beslutningsgrunnlaget i arbeidet med utforming av nye FOT-ruter. Høyringsfristen er 31. mai 2018.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om grunngeve innspel frå kommunane og andre instansar innan 27. april 2018. Vi har fått utsett frist til 4. mai for å rekke handsaming i rådet. Fylkeskommunen legg opp til følgjande handsaming av saka: Hovudutval for samferdsle 30. mai og fylkesutvalet 31. mai.

Samferdselsdepartementet gir tilskot til regionale flyruter på ei rekke strekningar i Noreg der marknaden åleine ikkje sikrar tilfredsstillande transportstandard. Møreforsking har greidd ut det planlagde flyrutekjøpet i Sør-Noreg og som departementet ber om innspel til før utforming av konkurransegrunnlaget.

Vurdering:

Arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen har vore eit prioritert område for Sogn regionråd over tid. Spleiselaget tidlegare for å oppgradera lufthamna og no for å få på plass ein hangar viser at flyplassen er viktig for kommunane og dei private og offentlege verksemdene.

Høyringssvaret som administrasjonen rår til at rådet sluttar seg til er i tråd med fråsegn frå andre aktørar og verksemdar i regionen.

Anbudsgrunnlaget bør setja vilkår om nattstasjonert fly på Haukåsen, at vi får fleire direkteruter til og frå Sogndal og at returrutene vil gje oss betre moglegheit for å ta dagsturar mot Oslo og Bergen.

Fråsegna vil gå til fylkeskommunen og til Samferdselsdepartementet.

Saksh.: Karina Nerland	Arkiv: 034 &13
Arkivsak: 18/1072	

Saksnr.: Utval **Møtedato**
6/18 Sogn regionråd 03.05.2018

Sak 6/18

Høyring av rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd støttar ekspertutvalet sine utvida retningslinjer for overføring av oppgåver frå staten til det regionale nivået. Rådet meiner framlegg til overføringar skulle ha kome tidleg i reforma og føreset no at det vert ei heilskapleg handsaming av framlegget i Stortinget, i god tid før den nye regionstrukturen tek til å gjelde.

Rådet meiner oppgaveoverføringa er eit heilt sentralt element i reforma og heilt nødvendig for å desentralisera makt, tydeleggjera politisk ansvar og utvikla det regionale demokratiet. Å samla desse oppgåvene i eitt folkevalt organ og under éin administrasjon, vil kunne gje meir samordna offentleg verkemiddel- og ressursbruk og betre tenester til innbyggjarane og næringslivet.

Rådet meiner det no hastar med å ta opp att overføring av fleire oppgåver frå regional stat og fylkeskommunen til primærkommunane. Kommunereforma – med fleire større kommunar – gjer dette aktuelt alt frå 2020.

Sogn regionråd vil understreke at det med oppgåvene må følgje full avgjerdsmynde, fornuftige økonomiske rammer og rom til å bygge gode fagmiljø.

Rådet er samd med utvalet i at overføringa særleg må skje innan for dei tre store politikfelt:

- ◆ *Arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsle.*
- ◆ *Verkemiddel for næringsutvikling og kompetanse.*
- ◆ *Verkemiddel og tenesteoppgåver som er viktige for folk sin helse, trivsel og levekår.*

På desse politikfelt må oppgaveløysinga både vera kostnadseffektiv og skje så nær innbyggjarane som mogeleg. Rådet stør difor prinsippet om at fylkeskommunen får forvaltningsansvar for alle relevante tilskots- og prosjektmidlar innanfor dei oppgaveområda som vert overførde, og som i dag ligg til departement, direktorat og fylkesmenn.

Rådet er samd med utvalet i at statleg tilsyn bør vera betre samordna og i større grad løyst gjennom gode internkontrollrutinar i fylkeskommunen.

Sogn regionråd vil átvara mot å gjera dei nye regionane til overkommunar. Det gjeld t.d.:

- ◆ *Oppgåver som føreset eit nasjonalt heilskapsgrep og som ikkje skal verta påverka av regional- eller lokalpolitiske tilhøve.*
- ◆ *At fylkeskommunen med heimel i plan- og bygningsloven trer inn i kommunestyret si mynde og får høve til å utarbeida juridisk bindande kommunale planar.*

Rådet meiner likevel det er naturleg at ansvaret for planjuridisk rettleiing av kommunane vert ført over frå fylkesmannen til fylkeskommunen.

Rådet meiner utflytting av statlege arbeidsplassar med nasjonale oppgåver så langt har vore på eit absolutt minimum, men likevel viktig for dei kommunane der dei er lokaliserte. Det er difor nødvendig å vera ekstra varsam med å bryta opp verksemder og fagmiljø med nasjonale oppgåver som alt er lokalisert utanfor Oslo og dei større byane.

Innanfor politikkområdet *samferdsle* er rådet samd med utvalet i overføringa av TT-ordninga og forvaltning av tilskot til breibandutbygging.

Når det gjeld sams vegadministrasjon stør rådet dei ønskemåla Stortinget tidlegare har oversendt regjeringa. Det er rett å føra regional vegadministrasjon, med ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, over frå Statens vegvesen til regionalt folkevalt nivå.

Innanfor *næring, kompetanse og integrering* meiner rådet det er særskilt viktig å styrka fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og er derfor samd i:

- ♦ *Styrking av oppdragsgivaransvaret og den fylkeskommunale eigarskapen i Innovasjon Noreg.*
- ♦ *Flytta ansvar for Regionalt næringsprogram og overføra IBU-midlane til fylkeskommunen og Innovasjon Noreg.*
- ♦ *Overføra monalege ressursar frå Norsk forskingsråd til dei regionale forskingsfonda.*
- ♦ *Leggja ned SIVA og overføra oppgåvene til fylkeskommunen.*
- ♦ *Leggja ned Kompetanse Noreg og IMDi og overføra oppgåvene som følgje av nedlegginga.*

Rådet er samd med utvalet i at ressursforvaltning innanfor akvakultur og mineralutvinning i all hovudsak blir som den er i dag.

Innanfor kraftutbygging bør fylkeskommunen få utvida mynde til og å gje konsesjon til små vasskraftverk (1-10 MW) og store vindkraftanlegg (over 1 MW/fem turbinar).

Innanfor politikkområdet *klima, miljø og naturressursar* stør rådet at fylkeskommunen får eit regionalt samordningsansvar på klimaområdet etter den nye klimaloven.

Flytting av det som i dag er fylkesmannen sitt ansvar innan naturforvaltning (artsforvaltning og verneområdeforvaltning), friluftsliv og klima/klimatilpassing er òg naturleg. Fylkeskommunen bør dessutan ta over relevante tilskotsordningar frå Miljødirektoratet og ansvaret frå fylkesmannen i rettleiing av kommunane i saker om motorferdsel i utmark.

Innanfor politikkområdet *helse og levekår* meiner rådet dei regionale folkehelseoppgåvene som i dag ligg hjå fylkesmannen, med unnatak av sjølv tilsynet, vert samla i fylkeskommunen. Dei regionale og nasjonale tilskotsordningane bør følgje med. Eitt folkevalt organ og éin administrasjon vil kunne styrka denne tenesta både politisk, administrativt og fagleg.

Det går fram av ekspertutvalet sin rapport at politikkområdet *kultur og kulturminnevern* er prega av:

- ♦ *Mange detaljerte og sentraliserte tilskotsordningar forvalta av Kulturdepartementet, Norsk kulturråd, Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Riksantikvaren.*
- ♦ *Kulturdepartementet sin sentraliserte prosjekt- og driftsfinansiering av mange regionale institusjonar.*

Fylkeskommunen er alt no sentral i sakshandsaminga av tilskota og ofte med i finansieringa av dei regionale institusjonane. Sogn regionråd meiner derfor ei regional forvaltning er meir naturleg og dessutan kostnadseffektiv med m.a. redusert dobbeltarbeid og forenkla

rapportering. Rådet er òg samd i at førstelineoppgåvene på kulturminnefeltet vert lagt til fylkeskommunen.

Sogn regionråd meiner at behovet for nærleik til brukarane og tett dialog med fleire kommunale tenester som t.d. skule, barnehage og primærhelseteneste gjer at det ikkje er nødvendig å vurdere å gjera barneverntenesta fylkeskommunal. Tenesta bør framleis vera kommunal eller interkommunal.

Rådet stør utvalet sitt framlegg om ny vurdering av organiseringa av spesialisthelsetenesta, der ein fylkeskommunal modell er med i utgreiinga. Det er dessutan naturleg å greie ut fylkeskommunen sin rolle innanfor samordning av brann- og ulukkesberedskap og internasjonalisering.

Vedlegg:

Ekspertutvalet sin rapport Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Rapport frå ekspertutval om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane er sendt på høyring. Høyringsfristen er 9. mai 2018.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnemnde ekspertutvalet juni 2017. Utvalet har hatt som mandat å vurdere overføring av ytterlegare oppgåver og ansvar frå staten til dei nye fylkeskommunane. Utvalet har hatt særleg merksemd retta mot ansvar, oppgåver og mynde som støtter opp under fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle.

Ekspertutvalet har tolka Stortinget sitt vedtak om regionreforma som eit svar på to hovudutfordringar. For det første har det dei siste åra skjedd ein kraftig vekst og oppdeling i den statlege forvaltninga, særleg i direktorata og direktoratliknande einingar. Dette har ført til ei sektorisert forvaltning med lågare grad av samordning mellom sektorar og fagområde. For det andre vil mange kommunar etter første fase av kommunereforma framleis ha relativt få innbyggjarar. Fylkeskommunen kan derfor ha eit stort potensiale til å forsterke si rolle som partner og rettleiar for kommunane.

Generalistkommuneprinsippet er lagt til grunn for arbeidet, samt at oppgåvefordelinga bør ivareta omsynet til brukarane, lokalt sjølvstyre og deltaking, samt nasjonale mål. Utvalet har vidareutvikla oppgåvefordelingsutvalet sine retningslinjer for deling av oppgåver mellom forvaltningsnivåa, og vurdert oppgåver og ansvar etter følgjande fem retningslinjer:

1. Oppgåver bør leggjast så nært innbyggjarane som mogleg, men på eit så høgt nivå som nødvendig for å sikra ei kostnadseffektiv oppgåveløysing.
2. Det myndigheitsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for ei oppgåve, skal også ha fagmiljøet tilknytta oppgåva og ansvaret for å finansiera utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Oppgåver som krev utøving av politisk skjønn og vurdering bør leggjast til folkevalde organ.
4. Oppgåver som krev stor grad av samordning, og/eller oppgåver som har store kontaktflater med hverandre, bør leggjast til same forvaltningsorgan.

5. Oppgåver som av ulike årsaker ikkje skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, bør vera eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgåver som føreset eit nasjonalt heilskapsgrep for god oppgåveløysing.

Ekspertutvalet meiner det særleg er tre politikkområde der fylkeskommunane bør ha oppgåver og handlingsrom til å byggje opp ein sterk og tydeleg regional politikk. Dette er oppgåver knytta til:

- ◆ Arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsle.
- ◆ Verkemiddel for næringsutvikling og kompetanse.
- ◆ Verkemiddel og tenesteoppgåver som er viktige for folk sin helse, trivsel og levekår.

Dei fem politikkområda som ekspertutvalet foreslår oppgåveoverføringar til fylkeskommunen er:

- ◆ Samferdsle
- ◆ Næring, kompetanse og integrering
- ◆ Klima, miljø og naturressursar
- ◆ Helse og levekår
- ◆ Kultur og kulturminnevern

Ekspertutvalet meiner regionreforma legg grunnlag for ytterlegare utgreiingar av endringar:

- ◆ Det bør greiast nærare ut om overføring av barnevernsoppgåvene som i idag ligg til kommunane, bør overførast til fylkeskommunane
- ◆ Det bør greiast ut om ansvar for tilskotsordningane innanfor arbeidsmarknadsopplæring bør overførast til fylkeskommunane. Det same gjeld bedriftsintern opplæring som i dag ligg til NAV.
- ◆ Staten bør kartleggja dagens tilsyns- og klageheimlar overfor fylkeskommunen med sikte på ein reduksjon av tal heimlar og sterkare ansvarleggjering av fylkeskommunen
- ◆ Spørsmålet om organisering av sjukehusa/spesialisthelsetenestene bør vurderast på nytt, der ein fylkeskommunal modell vert inkludert i utgreiinga.

Vurdering:

Administrasjonen tilrår at Sogn regionråd støttar ekspertutvalet sine utvida retningslinjer for overføring av oppgåver frå staten til det regionale nivået.

Oppgåveoverføringa er eit heilt sentralt element i reforma og heilt nødvendig for å desentralisera makt, tydeleggjera politisk ansvar og utvikla det regionale demokratiet.

Overføring av oppgåver vil gje fylkeskommunen forvaltningsansvar for alle relevante tilskots- og prosjektmidlar innanfor dei oppgåvaområda som vert overførde, og som idag ligg til departement, direktorat og fylkesmenn. Dei nye regionane bør ikkje gjerast til overkommunar. Administrasjonen rår til å støtte at planjuridisk rettleiing blir overført til fylkeskommunen. Utflytting av statlege arbeidsplassar med nasjonale oppgåver har vore eit absolutt minimum og derfor bør staten vera varsam med å bryte opp slike verksemdar som ligg utanfor dei store byane.

Forslag til presiseringar knytta til dei fem politikkområda går fram av tilrådinga.

I høve til ytterlegare utgreiingar som er foreslått av ekspertutvalet rår administrasjonen rådet til å gje innspel om at barnevernstenesta framleis bør vera kommunal eller interkommunal. Administrasjonen tilrår også å støtta ny vurdering av organisering av spesialisthelsetenesta.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/1492

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
7/18 Sogn regionråd

Møtedato
03.05.2018

Sak 7/18

Årsmelding og rekneskap 2017

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek årsmelding og rekneskap for 2017.

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap for 2017

Saksutgreiing:

Årsmelding og rekneskap for 2017 er lagt ved.

Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/472

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
8/18 Sogn regionråd

Møtedato
03.05.2018

Sak 8/18

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Partnarskapsmøte om fleire læreplassar i Sogn
Tom Knudsen, regiondirektør NHO Vestlandet
Nils Petter Støyva, distriktssekretær LO Sogn og Fjordane
Bekka Skaasheim, fylkesdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune
7. Arbeidsgjevarkontrollen i Sogn - observasjonar og tilrådingar frå Skatt vest
Torill Hauken-Johnstad, seniorskattejurist, Skatteetaten Skatt vest

Skriv og meldingar

1. Rapport Sogndal kommune Vertskapskommune for offentlege arbeidsplassar
2. Ultralydundersøkingar for gravide ved Lærdal sjukehus, 5.3.2018
3. Omfanget av leveringspliktige posttenester - til Samferdselsdepartementet, 21.3.2018
4. Forslag om fjerning av regionråd som namn - til Kommunal- og forvaltningskomiteen, 10.4.2018
5. Høyringsbrev prehospitala tenester fase 1 frå Helse Førde 17.4.2018.



Helse Førde

Dato
05.03.2018

Ultralydundersøkingar for gravide ved Lærdal sjukehus

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd ønskjer etablert eit tilbod om ultralydundersøking for gravide ved Lærdal sjukehus. I dag må gravide reise anten til Førde eller Voss sjukehus for slik undersøking. For gravide i Sogn vil eit tilbod i Lærdal gje kortare reiseveg og spart tid når dei skal til ultralydundersøking.

Sjukehuset har jordmor med vidareutdanning innan ultralyd og som stettar krava for å kunne utføra undersøkingane.

Eit tilbod om ultralyd for gravide ein dag i veka vil tilsvare 20% stilling. Lærdal sjukehus har «God start»-eining for mor og barn. Tilbodet om ultralydundersøking kan kombinerast med ordinært dagarbeid i «God start»-eininga eller 20% stilling vil koma i tillegg.

Etter det vi har fått informasjon om tilfredsstillende ultralydutstyret ved Lærdal sjukehus krava til ultralydundersøkingar for gravide. Vi ber om tilbakemelding om utstyret har tilstrekkeleg kvalitet ev. kva er kostnadene for å investera i nytt utstyr.

Det er gode erfaringar med tilbodet som vart etablert ved Nordfjord sjukehus i 2015.

Føremønene med å få tilbodet på plass er store både for den gravide og familien og for arbeidsgjevar. Dette er god samfunnsøkonomi og vil gje eit betre tilbod for gravide. Medisinskfagleg vil tilbodet vera ein tryggleik for fastlegar og kommunejordmødre.

Sogn regionråd vil oppmode Helse Førde om å etablere tilbod om ultralydundersøking for gravide ved Lærdal sjukehus.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Samferdselsdepartementet

Omfanget av leveringspliktige posttenester - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd gir følgjande fråsegn til framlegg til endringar i postloven:

Regjeringa foreslår å redusera tal omdelingsdagar frå fem dagar i veka til annakvar dag.

Sogn regionråd er uroa over at post- og distribusjonstenestene gradvis blir bygde ned og støttar ikkje forslaget om å redusera tal omdelingsdagar.

Sogn regionråd merkar seg at dei økonomiske konsekvensane for staten er godt utgreidd i høyringsnotatet, medan konsekvensar for legekantor og laboratorie, for næringslivet, som avisbransjen og handels- og servicebedrifter i distrikts-Noreg, i mindre grad er utgreidd.

Det er distrikta som er mest avhengig av at posttenestene fungerer, og det er distrikta som vil bli hardest ramma av dei foreslåtte endringane. Færre omdelingsdagar vil gjera det enno vanskelegare å få sendt laboratorieprøver slik at dei kjem fram tidsnok og det vil ta lenger tid å senda medisinar til pasientar. Vidare vil avisdistribusjonen bli påverka av færre omdelingsdagar og bedriftene i spreiddbygde område vil merka enno meir enn før at det tek lenger tid å levera og motta pakker.

For næringslivet i distrikta er det vesentleg at det framleis er ei god postteneste alle dagar i veka som leverer brev/småpakker raskt til ein konkurransedyktig pris (ikkje dyrare enn sentrale strøk) og at postpakker til kunde vert henta hos bedrifta seinast mogeleg på dagen.

Det er behov for like gode posttenester i distrikta som i sentrale delar av landet. I sentrale område kan budbilar /andre distribusjonsselskap brukast for å få ut produkta. Men i distrikta er marknaden ikkje stor nok til at det blir konkurranse om distribusjonen. Dette gjer at vi treng fellesfinansiert infrastruktur som posten.

Gode posttenester er ein viktig føresetnad for busetjing og næringsliv i heile landet. Vi meiner at økonomiske omsyn for staten ikkje kan vera den einaste grunnen til å gjennomføra endringar i posttenestene. Sogn regionråd ber om at Stortinget sikrar at heile landet har reelle likeverdige tilhøve og tek kostnaden med at det skjer.

Sogn regionråd meiner det er viktig at distrikta framleis har postombering fem dagar i veka og støttar ikkje forslaget om reduksjon i omdelingsdagar til anna kvar dag.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Til medlemmene i
Kommunal- og forvaltningskomiteen

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Hallingdal, 10.4.2018

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), Prop. 46 L (2017-2018) Forslag om fjerning av regionråd som namn på politisk samarbeidsmodell

Bakgrunn

Det er omlag 70 regionråd i Norge i dag, der dei fleste har eksistert i fleire ti-år og der fleire har ei historie attende til 1950-talet. Ca. 1/3 har regionråd i namnet.

På vegne av følgjande regionråd, med regionråd i namnet ynskjer me å klargjera våre argument mot fjerning av regionråd som namn på interkommunal politisk samarbeidsmodell:

- Salten Regionråd
- Indre Helgeland Regionråd
- Fosen Regionråd
- Sogn regionråd
- Ofoten regionråd
- Sør-Helgeland Regionråd
- Tromsø-området regionråd
- Sunnmøre Regionråd
- Setesdal regionråd
- Regionrådet for Hadeland
- Gjøvikregionen
- Regionrådet for Fjellregionen
- Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
- Nord-Troms Regionråd
- Regionrådet for Hallingdal

Pg.a. kort svarfrist har ikkje alle regionråda fått handsama saka, men ca. 70% har allereie gjeve svar om støtte. Mange regionråd har særnamn som Hardangerrådet og Lofotrådet. Det er grunn til å tru at det er like stor motstand blant desse regionråda om endring av namn, men i denne omgang har ein ikkje teke seg tid til å undersøkje standpunkt hjå desse.

I samband med Prop. 46 L (2017-2018) blir det reagert sterkt på forslaget om å fjerne regionråd som namn på vår politiske samarbeidsmodell.

Det blir argumentert for kvifor det er ynskjeleg å fjerne omgrepet, men det er ikkje drøfta eventuelle ulemper. I NOU 2016:4 var ikkje dette eit tema utover at det vart foreslått å nytte omgrepet regionråd. Ut frå dette vart heller ikkje bruk av regionråd noko tema i høyringsrunden.

Me vil her prøve å klargjera våre argument.

Identitet, historie

Dei fleste regionråda har ei lang historie, der det over tid er bygd opp eit namn, ein profil, ein identitet og ei forståing for eit interkommunalt politisk samarbeidsorgan.

Det blir hevda at ved å nytte «interkommunalt politisk råd» som nemning, så vil det skapa ei større forståing overfor innbyggjarane, av kva slags samarbeid det er.

Dette kan i teorien vera rett, men til sjuande og sist handlar dette om kor godt det blir informert om samarbeidet og korleis det blir marknadsført. Ingen har vore inne på tanken å endre t.d. kommunestyre til "kommunalt politisk råd" eller Storting til "nasjonalt politisk råd".

Etter vårt syn er dette fyrst og fremst ein ordstrid, der det kan verke som om regionråda sin identitet i eit lokalt perspektiv, blir noko undervurdert.

Forståing av regionråd

Departementet sitt andre argument er:

Departementet mener vidare at det vil være uheldig å benytte regionråd på den foreslåtte modellen da en del av de samarbeidene som i dag kaller seg regionråd, har oppgaver utover det å være interkommunale politiske samarbeidsorganer. Det forekommer i dag blant annet at regionråd har en rolle i tjenesteproduksjonen for deltakerkommunene. Departementet mener på denne bakgrunn at den foreslåtte samarbeidsmodellen ikke bør kalles regionråd, men interkommunalt politisk råd.

Dette kan verke noko inkonsekvent all den tid det er føreslege ei innstramming slik at regionråd ikkje skal produsere tenester for innbyggjarane.

Dersom kommunene ønsker å samarbeide om å yte tjenester, må de derfor benytte en annen samarbeidsmodell.

Her vil vel kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, og aksjeselskap vera dei mest aktuelle. Ut frå dette er det vanskeleg å sjå at bruk av regionråd vil vera uheldig.

«Interkommunalt politisk råd»

Interkommunalt politisk råd for Hallingdal eller Interkommunalt politisk råd for Hardanger kling ikkje så bra som Regionrådet for Hallingdal eller Hardangerrådet. Det verkar svært nøytralt, med ein utvatna identitet.

Kostandar

Dei fleste regionråda har etablert ein profil, ein logo, det er etablert nettsider og andre type sosiale media blir nytta og det er utarbeida ulikt type informasjons og marknadsføringsmateriell. Mykje av dette vil måtte endrast dersom namn må endrast. Dette vil medføre til dels store kostnadar for mange regionråd.

Avslutning

I denne saka er det ei klar oppfatning at me ikkje er teke med på råd, i eit spørsmål som har mykje å seie lokalt og som fyrst og fremst gjeld det einskilte regionråd. Me håpar vår argumentasjon er vektig nok til at det ikkje blir eit pålegg om å nytte nemninga «interkommunalt politisk råd».

Beste helsing
Regionrådet for Hallingdal

Oddvar Grøthe (sign)
Rådsordførar



Til høyringsinstansar
Jmfr liste.

Vår ref: (oppge ved kontakt)
2017/1169 - 14169/2018

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Trine Hunskår Vingsnes,
tlf: 57839320

FØRDE,
17.04.2018

Høyringsutkast rapport Prosjekt prehospitala tenester – fase 1

Alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar som ein del av iverksetjinga av nasjonal helse- og sjukehusplan. Utviklingsplanen til Helse Førde blir rullert våren 2018. Arbeidet med dei prehospitala tenestene er ein del av dette utviklingsarbeidet. Styret i Helse Førde HF gav i styresak 068/2017 tilslutnad til at prosessen med å utvikle og implementere ein plan for heile det prehospitala området skal gjennomførast i tre fasar. Dei tre fasane er delte opp slik:

1. Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår.
2. Detaljering av modellar.
3. Implementering av vald modell.

Rapporten for fase 1 i prosjekt Prehospitala tenester vert med dette sendt ut på høyring. Den er å finne på nettsida til Helse Førde. <https://helse-forde.no/om-oss/prehospital-plan-helse-forde>

Prosjektprosessen

Rapporten er utarbeidd av ei breitt samansett gruppe med deltakarar frå Helse Førde, kommunar og brukarar. Det har også vore sett ned ei referansegruppe med brei fagleg kompetanse på området. Arbeidet er gjennomført i samsvar med den nasjonale rettleiaren for utviklingsplanarbeid og Helse Vest sine føringar for korleis arbeidet skal utførast.



Høyringsrapporten

Rapporten er ei oppsummering av arbeidet som prosjektet har gjort gjennom haust og vinter 2017/2018. Høyringsutkastet er godkjent for utsending av styret i Helse Førde. Rapporten omhandlar mellom anna kva lover, forskrifter og føringar som gjeld for dei prehospitala tenestene, korleis tenesta vert driven i dag og samanlikning med prehospitala tenester andre stadar i landet.

Innleiingsvis vil de finne eit samandrag av rapporten som tek føre seg dei viktigaste tinga i kvart kapittel. Kvart kapittel har også ei oppsummering.

Høyringsfrist

Innspel til rapporten må sendast til postmottak i Helse Førde (post@helse-forde.no) innan 30. mai 2018. Dersom det er spørsmål knytt til dokumentet kan dei stillast til prosjektleiar og direktør for Kirurgisk klinikk, Trine Vingsnes, anten på epost trine.hunskar.vingsnes@helse-forde.no eller telefon 57839866.

Venleg helsing

Arve Varden
administrerande direktør Helse Førde



Liste over høyringsinstansar:

Kommunane i Sogn og Fjordane
KS Sogn og Fjordane
Fylkesmannen v/ Fylkeslegen
Fylkesmannen v/ Fylkesberedskapssjefen
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Pasientreiser Helse Førde
Helse Bergen
Helse Fonna
Helse Stavanger
Helse Møre og Romsdal
Helse Vest
Brukarutvalet i Sogn og Fjordane
Vest politidistrikt
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane
Helsedirektoratet
Luftambulansetenesta Helse Førde
Hovudredningssentralen
Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane